



Det Kongelige barne- likestillings- og inkluderingsdepartement
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1828 - 15/22880

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

22.06.2015

Auke i mottak av flyktningar

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Det Kongelige barne- likestillings- og inkluderingsdepartement

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
055/15	Kommunestyret	PS	18.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
May Hundvin	14/1828

Auke i mottak av flyktingar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Kommunestyret - 055/15

KO - behandling:

Framlegg frå gruppeleiarane frå Krf, Ap, V, Sp og H:

Lindås kommune vil ta ansvaret for busetting av flyktingar.

i 4-års planen for busetting av flyktingar for perioden 2016-2019, vil kommunen auka busettinga av flyktingar, slik det går fram av brevet frå statsråden. I planen vil Lindås kommune vidareutvikle flyktningssamarbeidet, gjerne i samarbeid med nabokommunane og i samsvar med introduksjonsprogrammet for flyktingar. Lindås kommune vil vere ein god og aktiv mottakskommune som ønskjer velkommen nye medborgarar som blir busett ut frå det auka behovet Stortinget har gjort vedtak om. Lindås kommune vil i 2015 ta imot inntil 11 ekstra flyktingar.

Framlegget vart vedteke mot 5 røyster (Frp)

Framlegg frå B.Vatnøy-Frp:

Lindås kommune aukar ikkje opp med fleire flyktingar i denne omgang. Dette grunna usikkerhet rundt bustader og arbeidsmarknad.

Framlegget fekk 5 røyster (alle Frp) og fall

KO - vedtak:

Lindås kommune vil ta ansvaret for busetting av flyktingar.

i 4-års planen for busetting av flyktingar for perioden 2016-2019, vil kommunen auka

busettinga av flyktningar, slik det går fram av brevet frå statsråden. I planen vil Lindås kommune vidareutvikle flyktningsarbeidet, gjerne i samarbeid med nabokommunane og i samsvar med introduksjonsprogrammet for flyktningar. Lindås kommune vil vere ein god og aktiv mottakskommune som ønskjer velkomen nye medborgarar som blir busett ut frå det auka behovet Stortinget har gjort vedtak om. Lindås kommune vil i 2015 ta imot inntil 11 ekstra flyktningar.

Saksopplysningars:

Saka skal avgjeraast i kommunestyret

Statsråd Solveig Horne har sendt brev til alle ordførarane i landet og ber om at kommunane aukar sine mottak av flyktningar.

I første omgang gjeld dette 2500 ekstra busettingar fordelt på kommunane i 2015. Evt. nye overføringsflyktningar kan komme i tillegg. Statsråden viser også til at det blir behov for å auke mottak i 2016.

Dersom Lindås kommune skal ta i mot «sin andel» av dei 2500 busettingane statsråden ber kommunane om å vurdere, vil dette utgjere eit mottak av 11 nye flyktningar.

Her og no situasjon :

For 2015 er det gjort vedtak om å motta 22 flyktningar, og administrasjonen er i ferd med å oppnå målsettinga, - dei siste busettingane/familiegjenforeingane er planlagt i løpet av komande tertial.

Også i vår kommune knyttaar den største busettings-utfordringa seg til å skaffe husvære som ligg i rimeleg avstand til buss, vaksenopplæring, lege, butikkar , skule og andre naudsynte fasilitetar for å hindre for høge transportutgifter. Kommunen har i liten grad eigne bustader, og er avhengig av å gå ut på leigemarknaden. Vi legg vekt på at bustadane ikkje skal ha for høg husleige. Når vi får på plass eigna bustad går resten av mottaket greitt med dei ressursar vi har til rådvelde personalmessig.

Auka mottak? :

Det er ei politisk avgjerd å auke omfanget av mottak i Lindås kommune. Administrasjonen kan rigge så mange busettingar det er politisk vilje til å gjennomføre, føresett naudsynt auke i bemanning, kontor/undervisningsareal og midlar til å dekke naudsynte utgifter som følgjer med til etablering, introprogram, helse, tolk, undervisning. Eininger må såleis få auka sine budsjett. I dag går integreringstilskotet inn i dei samla inntektsrammene i kommunen, og blir ikkje tilført enkelte eininger.

Det må også vurderast å bygge eller kjøpe fleire kommunale bustader, dette for å hindre manglande tilgjenge på leigemarknaden og førebygge prispress. Evt. kostnader med dette er ikkje tatt inn i denne saka.

Dei røynsler som er gjort så langt syner at tilskota frå staten dekker utgiftene når kommunane har eit visst omfang av sine mottak , og dette skjer årvisst. Introduksjonstilskotet blir gitt pr flyktning i 5 år, dei to første åra relativt høgt, og gradvis minkande deretter.

Dei første åra kan likevel tilskota vere knappe når det gjeld å dekke inn både

introduksjonsstønaden, etablering og alt det som følgjer med i busettingsprosessen av kartleggingar og tiltak og tenester. Men brukar vi gode ressursar i starten av eit mottak hjelper vi våre nye landsmenn til å klare seg sjølve, då blir dei siste åra av tilskotsperioden ein bonus som er med på å skape balanse/overskot i den samla reknskapen.

Sjølv om også vår kommune er råka av auke i arbeidsløyse, ser vi likevel positive teikn framover med omsyn til dei store nye etableringane i tilknytting til aktivitetsauken på Mongstad. Så langt NAV kjenner til er det vel så store behov for arbeidsplassar «på golvet» som høgteknologiske yrke som krev høg utdanning. Det skal såleis bli muleg å få folk i arbeid.

Stortinget har fastsatt følgende satser for integreringstilskudd i 2015:

Integreringstilskudd	Bosettingsår	Sats
	År-1 (2015)	kr. 182 000 (voksen)* kr. 182 000 (barn)* kr. 232 000 (enslig voksen) kr. 182 000 (enslig mindreårig)
	År-2	kr. 210 000
	År-3	kr. 152 000
	År-4	kr. 82 200
	År-5	kr. 70 000
Barnehagetilskudd		kr. 24 400 (engangstilskudd)
Eldretilskudd		kr. 157 500 (engangstilskudd)
Særskilt tilskudd enslig mindreårig		kr. 191 300
Personer med kjente funksjonshemminger		Tilskudd 1: kr. 175 900 (engangstilskudd) Tilskudd 2: Inntil kr. 1 080 000 i inntil 5 år

*Personer regnes som voksne fra og med året de fyller 18 år.

§ 8 Rett til introduksjonsstønad

For den tid en person deltar i program som nevnt i § 4, har vedkommende krav på introduksjonsstønad. For deltakelse i program er stønaden på årsbasis lik to ganger folketrygdens grunnbeløp.

Deltaker under 25 år mottar 2/3 stønad.

Pr. 01. 05.15 er grunnbeløpet kr. 90 068 pr. år/kr. 7 506 pr månad

Stipulerete kostnader/inntekter i 2015 og 16 ved mottak av 11 flyktninger.

Vi legg til grunn at samansettinga vil bli 7 voksne og 4 barn og at flyktningane er etablerte innan 1 september.

UTGIFTER 2015: Introduksjonsstønad 4 mnd total Etablering	2 x Familie tils 4 voksne 4 barn 240 192 60 000	7 voksne einslege 420 336 100 000	totalt 660 528 160 000
---	--	---	----------------------------------

Barnehage,tolk	120 000		120 000
Undervisning, tolk	250 000		250 000
Helse, tannlege			20 000
Bøker, skulemateriell			2 000
Div kostnader: Straum, reise, barnehage, husleigestøtte			150 000
Bemanningsauke NAV til 1 stilling	Årsutgift : 600 000 inkl. sos.kostnader		200 000

Samanfatta oversyn over inntekter og utgifter ved mottak av 11 flyktninger for 2015 og 2016 :

	Totalsummar:	Einsleg vaksen	Vaksne i familie	Barn i familie
UTGIFTER 2015	2 362 528			
Integreringstilskot		232 000 x 7=	182 000 x 4=	182 000 x 4 =
INNTEKTER 2015	(3 080 000) 3 348 400*	1 624 000	728 000	728 000

*I reknestykket har vi lagt til grunn at 2 av barna går i barnehage. Kommunen får då eit eingangstilskot med kr. 24.400 pr. barn.

OBS :

Kommunen får utbetalt 1/1 årssats uavhengig av kortid på året mottaket skjer. Å ta i mot fleire flyktningar i år, vil difor gi eit betydeleg overskot for desse i 2015. Ulempa er at vi får mindre midlar for desse flyktningane i 2017. 2015-flyktningane er då framleis inne i det 2-årige introprogrammet og får introduksjonsstønad, medan tilskotet då blir utbetalt som 3. års tilskot.

UTGIFTER 2016	3 851 584	Alle – vaksne og barn:
INNTEKTER 2016	2 310 000	<i>Integreringstilskot 210 000 x 11</i>